



Kommunen har no godkjend takoverbygget over varemottaket til Nilsen Eigedom og levegg på terrassen på den andre sida av bygningen.

Det blir opplyst frå kommunen at ein nabomerknad frå Torfinn Myklebust er vurdert og ikkje teken til følge.

Kommunen opplyser at tiltaket er i samsvar med avstandskrava til annan bygning og høgspenline. Nabo Rune Magne Nilsen har gjeve samtykke til bygging nær eigedomsgrense.

Ivar Kåre Døssland frå kommunen har vore på synfaring og funne at prosjektet ikkje kjem i konflikt med trafikkarealet.
Kva estetikk angår har tiltaket god utforming i høve til rimelege estetiske omsyn, skriv sakshandsamaren.